

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/2504-1

## **Sogn og Fjordane barne- og familiesenter: Vidareføring av tilbodet**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at tilbodet ved barne- og familiesenteret i Førde vert oppretthalde.
2. Foreldre-barn-tilbodet til utsette familiar med sped- og småbarn bør forankrast i lov og forskrift, og eksisterande tilbod bør ikkje endrast før dette spørsmålet er avklara politisk.
3. Ved eventuelle omorganiseringar av tilbodsstrukturen innan barne- og familievernstenesta bør det leggjast stor vekt på korleis tilbodet for framtida skal ivareta lovkravet om forsvarlege og koordinerte tenester i nærområdet.

### Vedlegg:

- 1.

### Andre relevante dokument som ikkje ligg ved:

1. Uttale frå fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane, datert 18.03.2014.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Bufetat Region Vest kunngjorde 04.03.2014 planane om å leggje ned Sogn og Fjordane barne- og familiesenter i Førde og sentralisere institusjonen sitt tilbod til Bergen. Barne- og familiesenteret sin hovudfunksjon er å bistå familiar og einslege forsørgjarar i situasjonar der det er risiko for at foreldra av ulike årsaker ikkje greier å ta hand om eigne born. Dette inneber både kartlegging og direkte foreldrestøttande tiltak til foreldre med born i aldersgruppa 0–6 år. Tilbodet vert gjeve som døgntilbod, og er såleis relativt ressurskrevjande. Senteret har dessutan beredskapsheimar for barn mellom 0–13 år. Dette spesialiserte tilbodet krev ein fagkompetanse som små og mellomstore kommunar i dag ikkje har i eiga verksemd. Fylkesrådmannen vurderer det som svært viktig at tilbodet vert oppretthalde i Sogn og Fjordane, og rår fylkesutvalet til å gje ein uttale i høve saka.

### **2. Bakgrunn for saka**

Bufetat Region Vest har som ledd i arbeidet med å kome i økonomisk balanse, planlagt å leggje ned to av tre statlege barne- og familiesentra på Vestlandet og konsentrere tilbodet. I dag er det 18 plassar fordelt på barn- og familiesenter i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Bufetat foreslår å kutte ned til seks plassar, og flytte alle plassane til senteret i Bergen. I det pågåande omstillingsarbeidet i Bufetat er det lagt vekt på å prioritere lovpålagde kjerneoppgåver som institusjonar og fosterheimar, effektiv drift og økonomisk balanse. Barne- og familiesentra er ikkje ei lovpålagd kjerneoppgåve for Bufetat.

Barne- og familieministeren bad 21.03.14 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) om å stoppe arbeidet med nedlegginga av barne- og familiesenteret i fylket inntil vidare. Omorganiseringa vert mellombels stoppa då ein ventar på ei heilskapleg konsekvensvurdering som direktoratet skal gjere i høve korleis det framtidige tilbodet til utsette sped- og småbarn og deira foreldre skal utformast nasjonalt.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Eit svekka barne- og familievernstilbod i fylket

Fylkesrådmannen er uroa over at det statlege barnevernet i Bufetat Region Vest vil leggje ned barne- og familiesenteret. Ei årsak til uroa er at tilbodet i dag utgjør det einaste i fylket der vanskelegstilte gravide, familiar og einslege forsørgjarar med barn i alderen 0–6 år får hjelp og rettleiing. Tilbodet rettar seg mot situasjonar der det er stor risiko for at foreldra ikkje greier å ta hand om eigne barn. Barne- og familiesenteret samarbeider tett med helsestasjonar, barnehagar, PPT, og BUP i nærmiljøa om oppfølging etter at familiar har vore på senteret. Fylkesrådmannen meiner ei nedlegging vil vere i strid med politiske styringssignal frå regjeringa, faglege tilrådingar og kravet om forsvarlege og koordinerte tenester i nærområdet. I ei allereie pressa barne- og familievernsteneste utgjør dette ei ekstra belastning.

Døgntilbodet som barne- og familiesenteret utfører er relativt ressurskrevjande og krev høgt spesialisert fagkompetanse som små og mellomstore kommunar per i dag ikkje har tilgang til kvar for seg. Tilbodet er det einaste barnevernstiltaket som tilbyr systematisk arbeid retta mot born sine behov for ein endra omsorgssituasjon. Uavhengig av driftsmodell inneber dette ein utgreiingskompetanse som det vil vere kritisk for det kommunale barnevernet å miste tilgangen til lokalt.

Fylkesrådmannen støttar KS Sogn og Fjordane som i ei eiga fråsegn til Bufetat Region Vest, datert 18.03.2014, åttvarar mot å bygge ned foreldre-barn-tilbodet som vert gjeve gjennom Bufetat i fylket. Han sluttar seg også til at foreldre-barn-tilbodet til utsette familiar med sped- og småbarn generelt bør forankrast i eiga lov og forskrift, og at dei eksisterande tilboda uansett ikkje bør endrast før dette er nærare avklara politisk. Barne- og familieministeren har signalisert at barne- og familiesentra er viktige tiltak som skal styrkast. Regjeringa har i den samanhengen også argumentert for at dette fagområdet kan lovfestast som ein del av staten sitt ansvar. Barne- og familieministeren orienterte Stortinget alt 13.02.2014 om at Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har fått i oppdrag å greie ut økonomiske, juridiske og administrative konsekvensar av faglege tilrådingar frå eit større utgreiingsarbeid gjennomført i 2013. Arbeidet såg nærare på sentra for foreldre og born, og rolla desse skal ha. Regjeringa vil no leggje konsekvensutgreiinga til grunn for si vurdering av lovfestinga av, og framtidig dimensjonering av, tilbodet.

Norsk barnevernsleiarorganisasjon (NOBO) synte 13.03.2014, i ei fråsegn til planane om omorganiseringa, at tilbodet i Bufetat Region Vest blir redusert med 2/3-dels kapasitet. Den delen som vert att av barne- og familievernstilbodet vert sentralisert. I uttalen understrekar NOBO at tilbodet er naudsynt som støtte til det kommunale barnevernet, og at omorganiseringa verkar å vere forhasta. Også NOBO stiller seg bak kravet om lovfesta bistandsplikt frå Bufetat til kommunane på fagområdet.

#### Informasjon og involvering for kommunane

Fylkesrådmannen stiller vidare spørsmål ved prosessen det har vore lagt opp til i denne saka. Kommunane i Sogn og Fjordane vart gjennom media 04.03.2014 merksame på at Bufetat planlegg ein relativt stor reduksjon innanfor barne- og familievernstilbodet i Region Vest. Kommunane vart formelt først orienterte om omorganiseringa gjennom ein serie informasjonsmøte i perioden 10.-21.03.2014. Fylkesrådmannen er kjend med at ei rekkje kommunar som møta var retta mot måtte melde forfall grunna kort varsel. I slike prosessar bør det leggjast opp til ein tettare kommunikasjon mellom Bufetat Region Vest og kommunane.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår, på bakgrunn av dei føreliggjande planane om omorganisering i Bufetat Region Vest, at fylkesutvalet stiller seg bak kravet om at tilbodet ved Sogn og Fjordane barne- og familiesenter vert oppretthalde. Slik fylkesrådmannen vurderer det, er ein reduksjon i tilbodet og ei sentralisering av institusjonsplassane til Bergen i strid med nyleg gjevne politiske signal frå regjeringa. Omorganiseringa er heller ikkje i tråd med det Stortinget er orientert om frå regjeringa med tanke på satsinga på barne- og familievernstenesta nasjonalt. Den varsla endringa verkar vere særleg forhasta med tanke på konsekvensutgreiinga som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet er sett til å gjere på bakgrunn av dei faglege utgreiingane som vart gjort på området i 2013.

Fylkesrådmannen er elles oppteken av at kommunane i Sogn og Fjordane vert informerte og involverte i planleggingsarbeidet som Bufetat gjer på dette viktige området. Sogn og Fjordane barne- og familiesenter utgjer eit fagmiljø bygd opp over mange år. Den varsla endringa er i strid med kommunane sine ønske og behov, og det bør ved ei slik omlegging klargjerast korleis tilbodet for framtida skal ivaretakast i høve lovkravet om forsvarlege og koordinerte tenester i nærområdet.

Fylkesrådmannen meiner det er rett at barne- og familieministeren inntil vidare har gripe inn slik at foreldre-barn-tilbodet i Sogn og Fjordane vert oppretthalde som eit tilgjengeleg og kompetent tenestetilbod for kommunane i fylket. Han vil understreke at Bufetat i alle høve må avvente ytterlegare endringar i tilbodet til den varsla konsekvensutgreiinga som regjeringa har sett i gang om framtidig behov ligg føre.